

STATENS VEGVESEN
Postboks 8142 Dep
0033 OSLO

Dato: 26.06.2018
Vår ref.: 2017/16979-3
Saksbehandlar: nilelde
Dykkar ref.:

Avslag på klage på vedtak om løyve på vilkår til utvida bruk av avkøyrsløse - fv. 211 - gnr. 25 bnr. 8 - Fjell kommune

Vi viser til dykkar brev av 1.11.2017 i høve nemnde sak. Klagenemnda fatta den 19.6.2018 følgjande vedtak i saka:

"Klage av 11.8.2018 over SVV sitt vedtak av 27.7.2017 vert ikkje tatt til følgje."

Vedlagt følgjer utskrift av saksprotokollen og fylkesrådmannen sitt saksframlegg. Saksframlegget er grunngevinga for vedtaket.

Klageinstansen sitt vedtak i klagesak kan ikkje klagast på, jf. Forvaltningslova § 28 tredje ledd første punktum.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Nils Tore Eldegard
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Arkivnr: 2017/16979-2
Saksbehandlar: Nils Tore Eldegard

Saksframlegg

Saksgang

Klagenemnda 34/18

19.06.2018

Avslag på klage på vedtak om løyve på vilkår til utvida bruk av avkøyrsla - fv. 211 - gnr. 25 bnr. 8 - Fjell kommune

Samandrag

Statens vegvesen (SVV) har ikkje tatt klage over vedtak om utvida bruk av avkøyrsla fv. 211, gnr 25 bnr. 8 til følgje. Klagenemnda er klageinstans og skal fatte endeleg vedtak i denne saka.

SVV har vist til at utvida bruk av avkøyrsla vil kome i konflikt med bruken i området, og har fatta vedtak med blant anna vilkår om å utbetre sikta i avkøyrsla. Klagar gjer gjeldande at det er urimeleg å måtte fjerne store delar av ein mur som har stått der i hundre år for å oppfylle siktkravet, og meiner løysinga hennar tilfredsstillar krav i N100. Fylkesrådmannen er samd i SVV sin vurdering om at klagars løysing ikkje er i tråd med N100, og meiner omsynet til trafikktryggleik må vektleggjast.

Forslag til vedtak

Klage av 11.8.2018 over SVV sitt vedtak av 27.7.2017 vert ikkje tatt til følgje.

Saksprotokoll i klagenemnda - 19.06.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Klage av 11.8.2018 over SVV sitt vedtak av 27.7.2017 vert ikkje tatt til følgje.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 09.05.2018

1. Bakgrunn

Antonette Langeland (klagar) søkte den 26.11.2015 om å dele frå parsell frå eigendomen (gnr. 25 bnr. 8 i Fjell kommune) med føremål om å etablere åtte bustadeiningar der. SVV skreiv eit førehandsfråsegn til dispensasjon frå plankrav den 6.1.2016, med tilråding om reguleringsplanprosess. Den 18.1.2016 sendte klagar inn ny søknad der talet på bustadeiningar var redusert til tre, da dette var grensa for kva som kan byggjast utan ein reguleringsplan. Det vart da søkt om utvida bruk av avkøyrsla frå fv. 211 til parsell delt frå eigendomen.

SVV gav i brev av 4.4.2016 eit val om å enten få avslag på søknaden etter veglova eller sjå om det var muleg å utbetre avkøyrsla til ein standard SVV kunne akseptere. Klagar valte da å gå vidare med å finne løysingar og sendte først inn eit forslag som SVV ikkje kunne akseptere. Søkar engasjerte deretter ConStrada AS til å utarbeide teikningar. Firmaet sendte den 21.11.17 ei førebels skisse til SVV med forslag til ei prinsipiell løysing. I brev av 2.2.2017 gav SVV melding om at denne prinsipielle løysinga ville kunne akseptertast og arbeidast vidare med.

I e-post av 19.5.2017 søkte klagar v/ ConStrada om endeleg godkjenning av vegløysinga. I samband med søknaden reiste SVV på synfaring på staden. Ved synfaringa vart det klart at det hadde skjedd endringar på ferjekaien som ligg ved avkøyrsla sidan saka starta opp i 2015. Kaien var no nytta til sнопlass for buss, busshaldeplass og parkering. Denne endringa fekk følgjer for løysinga, fordi den nye bruken av kaien kjem i konflikt med utvida bruk av avkøyrsla. I brev av 29.6.2017 frå SVV til ConStrada vart det vist til at SVV ikkje var klar over endringane som har skjedd på staden dei siste 1 - 2 åra. Det vart vist til at i løpet av synfaringa kom det to bussar og ein renovasjonsbil i høg fart nedover bakken frå retning sør der sikta er svært dårleg. SVV la på bakgrunn av synfaringa til grunn at dette er ei trafikkfarleg avkøyrsla, og at ei økt bruk av denne vil medføre risiko for ulykker. Med bakgrunn i den nye bruken i området la SVV til grunn at sikta i retning sør må utbetrast før avkøyrsla kan godkjennast. SVV gav melding om at dei kan gå vekk frå krav om å innsnevre avkøyrslene, men at sikta er eit absoluttkrav som dei meiner må tilfredsstillast før avkøyrsla kan godkjennast for utvida bruk. Etter denne korrespondansen bad klagar om at SVV skulle fatte vedtak i saka.

SVV fatta i vedtak av 27.7.2017 eit løyve til utvida bruk av avkøyrsla med fleire vilkår knytt til løyvet. Blant anna vart det stilt krav om å opparbeide ei frisksone i 30 meter til begge sider av køyrebanane. Klagar sendte inn klage på dette vedtaket i brev av 11.8.2017.

2. SVV sitt vedtak

SVV fatta den 27.7.2017 vedtak om løyve på vilkår til utvida bruk av avkøyrsla frå fv. 211 til den frådelt parsell av gnr. 25 bnr. 8 i Fjell kommune. Vilkåret for løyvet vart gjeve i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselsaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

Det vart stilt som vilkår at avkøyrsla vart utforma i tråd med ei vedlagt prinsippsskisse som viste at det må være 30 meter fri sikt i alle retningar 1,1 m over bakken 4 meter inn i avkøyrsla. Eventuelle plantar i frisksona måtte også avgrensast til ein halv meter i høgde. Det vart vist til at kommunen ikkje kunne gjennomføre deling/kartforretning før endeleg godkjent avkøyrsla føreligg, jf. plan- og bygningslova § 27-7, og at løyvet gjeld bruk til tre bueiningar på frådelt parsell. Vidare vart det stilt som vilkår at det må etablerast sнопlass inne på eigendomen for å sleppe at ein må rygge ut på offentlig veg. Det vart satt frist på tre år for å starte arbeidet med avkøyrsla.

Vedtaket vart grunngjeve med at SVV legg vekt på framkomst og trafikktryggleik, og at dei arbeider etter ein visjon om null hardt skadde eller drepne i trafikken (nullvisjonen). Det vart i vedtaket vist til brev til ConStrada av 29.6.2017 der ein slo fast at dette var ei trafikkfarleg avkøyrsla og at ei økt bruk av den vil

medføre risiko for ulykker. Det vart spesielt lagt vekt på at bruken av kaien medfører auka trafikk av bilar og bussar, da desse nyttar kaien til snuplass og parkering. Det vart vist til at SVV ikkje ser korleis ein skal løyse dette på andre måtar enn å fjerne dei sikthindra som er der i dag.

SVV gjekk i vedtaket vekk i frå tidlegare krav om innsnevring og tydeleggjering av køyremønster i avkøyrsla slik som var varsla i eit tidlegare brev av 4.4.2016. Grunnen til dette er at ein ved å utbetre sikta vil ein få ein betydeleg trafikktryggleiksgevinst. Etersom dette inneberer vesentlege inngrep i annan persons eigendom, og sikt er eit absoluttkrav, vurderte SVV det til å være tilfredsstillande tiltak til å kunne godkjenne utvida bruk av avkøyrsla.

3. Klagen

Klagar har i brev av 11.8.2017 klaga på vedtaket. Det vert vist til at klagar har følgd SVV sine oppmodingar, og nytta eit selskap med vegfagleg kompetanse for å lage vegteikningar til ei løysing som Statens vegvesen kunne godta.

Klagar viser til at den løysinga SVV ber om inneberer store inngrep på eigeiendomen til ein privatperson. Det vert vist til at det er tale om å fjerna store delar av ein mur som har stått der i hundre år. Klagar gjer gjeldande at dette er urimeleg og uaktuelt for ho. Det vert gjort gjeldande at det er så mykje areal på den store nedlagte ferjekaien at det ikkje skulle vera naudsynt.

Klagar viser til at ConStrada meiner at løysinga som er utarbeidd tilfredsstillar krav i SVV si handbok N100, som fell saman med krav etterspurt i brevkorrespondanse mellom SVV og klagar. Det vert vist til at ConStrada har teke omsyn til bruken av kaien som dei visste om før dei starta arbeidet.

Det vert vist til at ConStrada er eit rådgjevande ingeniørselskap innan samferdsel og kommunalteknikk. Selskapet har rammeavtale på prosjekteringsoppdrag med SVV, og har gjennom denne prosjektert fleire store samferdselsanlegg på vestlandet dei siste åra.

4. SVV si vurdering av klagen

SVV viser til at dei har vurdert søknaden og klagen med bakgrunn i veglova, rammeplan for avkøyrslar og byggjegranser på riks- og fylkesvegar i Region vest, Nullvisjonen i Nasjonal Transportplan (NTP) og Regional Transportplan (RTP), vegnormalen (handbok N100), og kommunedelplan for trafikksikring i Fjell kommune (2017-2020).

SVV gjer gjeldande at vedtak av 27.7.2017 er heimla i veglova §§ 40 – 43 og krava som er stilt er i samsvar med vegnormalen som er heimla i veglova § 13. Det vert vist til at krava er utarbeidd av ekspertar på området, og fortel kva minimumstilhøve som må være til stades for å sikre god framkomst og trafikktryggleik på vegnettet. SVV viser likevel at dei har høve til å nytte skjøn i slike saker, og at dei difor kan velje å både stille strengare og lempeligare krav enn vegnormalen.

Det vert av SVV vektlagt at nullvisjonen er nedfelt både i NTP, RTP og Fjell kommune sin kommuneplan for trafikksikring 2017-2020. Det vert peika på at ein viktig faktor til trafikkulykker er utforminga av vegen, og at krav til utbetring av trafikkløysingar ved frådeling og utbygging er ein viktig del av trafikktryggleikbiletet, da slike saker i sum vil ha konsekvensar for det totale risikobiletet.

Vidare vert det vist til at rammeplanen for avkøyrslar og byggjegranser på riks- og fylkesvegar i Region vest vart politisk vedteken i Hordaland fylkeskommune i 2013. Eit viktig teknisk krav i denne er at utforminga av avkøyrslar skal være i samsvar med handbøkene N100 og V121. Det vert vist til at fv. 211 i denne rammeplanen er vist som haldningsklasse 4 (mindre streng haldningsklasse). Ein har difor ikkje kravd full utforming i tråd med dei tekniske krava, men har fokusert på kravet til sikt.

Det vert vist til at med bakgrunn i trafikkmengda på hovudveg og i sjølve avkøyrsla i denne saka er det eit krav i vegnormalen at avkøyrsla skal utformast med siktkrav på 4x30 meter. I lys av visjonar og føringar for trafikktryggleik vurderer SVV at kravet til sikt må leggjast til grunn i denne saka for å godkjenne utvida bruk.

Det vert vist til at teikningane frå ConStrada ikkje er fullt i tråd med vegnormalen, men at dei ville være tilstrekkeleg til å kunne tole utvida bruk. SVV viser til at det ikkje er løysinga i seg sjølv som er grunnen til at ein ikkje kunne fatte eit positivt vedtak, men at forslaget ville kome i konflikt med snuplass for buss og/eller parkeringsplassane på kaien. SVV er ikkje samd i klagars merknad om at det er plass på ferjekaien til utbetring, og meiner at einaste løysinga for å kunne innfri siktkravet er inngrep på eigedomen gnr. 25 bnr. 83.

SVV meiner saka burde vore løyst gjennom ein reguleringsplanprosess, slik at ein kan samordne ulike offentlige og private interesser i eit komplisert område, jf. plan- og bygningslova § 12-1.

5. Fylkesrådmannen si vurdering

Det vert av klagar innleiingsvis vist til at ho har følgd SVV sine oppmodingar og nytta eit selskap med vegfagleg kompetanse for å lage vegteikningar til ei løysing som SVV kunne godta. Fylkesrådmannen meiner det er beklageleg at klagar har måtte nytta ressursar på å leige inn ekstern kompetanse i ei sak der ein likevel ikkje kunne godkjenne teikningane på grunn av forholda på staden. Det er likevel slik at ein ikkje kan laste SVV for handsaminga i saka da det er kome nye opplysningar om kaien i løpet av prosessen som SVV ikkje kunne forutsjå. Fylkesrådmannen vil også peike på at SVV tidleg i prosessen, i brev av 6.1.2016, gav råd om at saka burde vore løyst som del av ein større reguleringsplanprosess. Fylkesrådmannen vil vise til at prosessen kunne vore unngått dersom ein hadde løyst det med ein reguleringsplanprosess i staden.

Fylkesrådmannen er vidare samd i at større inngrep i annan manns eigedom ikkje er å føretrekke. Fylkesrådmannen seier seg likevel samd i SVV sin vurdering om at dette er einaste synbare løysinga for å gjere utvida bruk av denne avkøyrsla trafikksikkert. Det er i saka kome fram at det er mykje trafikk til kaien, og at denne vert nytta både som parkeringsplass til bilar, og snuplass/parkeringsplass til bussar. Det er difor klart at det vil være ein del trafikk av både små og større køyretøy frå sør. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at det er ledig areal på kaien som kan nyttast til avkøyrsla, og legger til grunn at dersom ein skal nytte areal på kaien til avkøyrsla vil det kome i konflikt med den bruken som er på kaien i dag. Fylkesrådmannen meiner at dersom ein skal gjere noko med trafikksituasjonen på kaien, må dette handsamast gjennom ein reguleringsplansprosess.

Fylkesrådmannen finner at SVV sitt vedtak både er grundig og utfyllande grunngjeve, og vi meiner SVV har lagt vekt på relevante omsyn i saka. Fylkesrådmannen er samd i at omsynet til trafikktryggleik må vege tungt i avkøyrrelsaker, og at det er riktig å vektleggje nullvisjonen. Vi viser til at denne visjonen er nedfelt både nasjonalt i NTP, regionalt i RTP og lokalt i Fjell kommune sin kommuneplan.

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at føreslått løysing frå ConStrada er i tråd med handbok N100 da den ikkje oppfyller kravet til sikt. Vi viser til at det med bakgrunn i trafikkmengda på vegen og i sjølve avkøyrsla vil være eit krav til sikt på 4 x 30 meter. Fylkesrådmannen deler synet til SVV om at dei tekniske krava til utforminga av avkøyrsla må være oppfylt, og ser ingen haldepunkt for å legge til grunn eit lempelegare skjøn i denne saka.

Fylkesrådmannen rår at klage av 11.8.2017 over SVV sitt vedtak av 27.7.2017 ikkje vert tatt til følgje.